



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå ekstraordinært soknerådsmøte i Norheimsund kyrkje 4.mai kl.20.45

Frammøtte: Astrid Helleve Fylkesnes, Vetle Karlsen Eide, Brynhild Eide, Solfrid Storaker Lindøy, Tove Fjell, Erling Lyngset, Randi Valland Eide, Gudrun Skeie Langeland, Helene Jørgine Flakstad Oma og Magne Krog Kolstad.

Opning ved Solfrid

20/26 Godkjenning av innkalling og referat

Referat og innkalling er godkjent utan merknadar

Møtet ble lukka i følge §3 i «Forskrift om regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet»

21/26 Ikon i Norheimsund kyrkje. Vi drøfter innspel i saka som har kome inn etter førre møte.

Soknerådet fekk lest opp brev frå Solrunn Nes, der ho trekkjer seg frå prosjektet med ikon i Norheimsund kyrkje. Soknerådet måtte med det ta stilling til innhaldet i brevet. I drøftinga som følgde blei det og behov for å drøfte forhold ved Facebook-innlegget til Lina Lyngset og reportasjen i Dagen. Det vart reist spørsmål om habilitet til Erling Lyngset, da han er gift med Lina Lyngset.

Soknerådet drøfta Lyngset sin habilitet og fann han inhabil i den vidare drøftinga av innlegget på Facebook og oppslaget i Dagen. Erling Lyngset gjekk ut av møtet.

Erling Lyngset ble tatt inn igjen i møtet for å forkynne resultatet av drøftinga, og Lyngset forlot så møtet da han var blitt gjort kjent med resultatet av drøftinga. Habiliteten ble vurdert opp mot §6, del 2 i Forvaltningslova, etter drøfting i rådet. Første vara, Brynhild Eide, gjekk inn i møtet til erstatning for Erling Lyngset. Soknerådet drøfta også ordlyd i pressemelding. Etter at skisse til pressemelding var drøfta, tiltrådte Erling Lyngset på ny inn i møtet. Pressemeldinga vart vedteken med alle stemmeberettigte til stades.

Vedtak:

- 1. Vikøy sokneråd tar brevet til Solrunn Nes til vitande.*
- 2. Vikøy sokneråd sitt samarbeid om installering av to ikon i Norheimsund kyrkje med Solrunn Nes vert avslutta.*
- 3. Pressemelding om avgjerda blir publisert på kyrkja si eiga heimeside. Sjå eiga pressemelding.*

22/26

Eventuelt

Under gudstenesta på Kristi himmelfartsdag blir den nye misjonsavtalen med NMS markert. Det blir kyrjekaffi med kakar etter gudstenesta.

Minner om neste soknerådsmøte 2.juni

Referent Solfrid Storaker Lindøy